



Snart er me Voss herad

Tenk at me no går inn i det siste året før Voss og Granvin vert Voss herad. Det er jo med litt blanda kjensler. Aldri meir Granvin herad, aldri meir Voss kommune kan jo gjera at ein føler litt vemod. På den andre sida, begge kommunar skal leva vidare som del av noko nytt.

Som ordførarar har me opplevd bygginga av Voss herad som ein god prosess der tilsette og politikarar har hatt ei positiv haldning til å byggja ein ny kommune. Me vil takka leiarar og alle tilsette som har stått på for å leggja til rette for gode tenester til innbyggjarane våre ut frå dei mandat politikarane har gjeve. Det blir nok ikkje siste gongen dei får takk, for jobben skal fullførast i 2019.

Me som folkevalde må heile tida sikra at me får til ei så god samanslåing som mogleg, slik at dei tilsette ikkje vert usikre og for at alle skal takla omstillingane. Me vil gjera vårt for å lukkast, og me er heilt sikker på at me har dei rette folka med oss for å få det til.

Det er straks 2019, året då arbeidet med samanslåinga skal fullførast og avsluttast. I følgje framdriftsplanen er me i rute, og me har god tru på at det meste skal vera på plass til 1.januar 2020. Når den dagen kjem, håpar me alle er klare til å ønskje Voss herad velkomen!

God jol!

Helsing Ingebjørg Winjum og Hans-Erik Ringkjøb



Høyring - Korleis vil stabsavdelingane sjå ut?

Dei tre stabsavdelingane for Voss herad byrjar å ta form. Me vil ha dine innspel på korleis avdelingane skal sjå ut. Framlegga er laga på grunnlag av visjonsnotat for Voss herad, kartleggingar, analyse, vurderingar og innspel.

Dokumenta finn du her:

[Strategi og styring](#)

[HR og innovasjon](#)

[Innbyggjarservice](#)

Høyringsfrist: 10.januar 2019.

Innspel på høyringane kan sendast til:

Mette Matthiessen, stabssjef HR og innovasjon:

Mette.Matthiessen@voss.kommune.no

Liv Myklebust, stabssjef Strategi og styring:

Liv.Myklebust@voss.kommune.no

Tor Helmer Halvorsen, leiar av arbeidsgruppa for innbyggjarservice:

tor.h.halvorsen@voss.kommune.no



Heradsnytt

Desember 2018

Kva meiner du er viktig når Kulturskulen til Voss herad skal etablerast?

Fredag 14.12.18 vedtok Fellesnemnda i sitt møte å sende vedtektene til Kulturskulen i Voss herad på høyring.

Høyringsfristen vart sett til 25.01.19.

Til grunn for vedtektene ligg administrasjonen si vurdering: «Når ein no skal etablere ein ny kulturskule må ein gjere det på bakgrunn av eigenartane og styrkane til begge kulturskulane, samtidig som ein må samordna for å kunne gje eit likeverdig tilbod til alle born og unge i Voss herad.

Dette betyr at kulturskulen i Voss herad vil vere lokalisert til Voss kulturhus, med ei desentralisert avdeling ved Granvin barne- og ungdomsskule». Vedtatt saksframlegg, vedtekter og serviceerklæring finn du i sin heilheit her:

[Fellesnemnda 141218.](#)



Revisjonsordning for Voss herad

Fellesnemnda valte å vidareføre interkommunal revisjon gjennom selskapet IHR (Indre Hordaland Revisjonsdistrikt) for Voss herad i sitt møte 14.12.18 med 6 mot 2 røyser.

Eit av dei viktigaste argumenta for vidareføring var vern av lokale arbeidsplassar, samt at ein fram til no har vore nøgd med tenesta som har vore ytt.

Vidare hadde politikarane fokus på at ein i nytt herad måtte vere tydelege på kva krav ein har til revisjonen, gjennom kontrollutvalet. Det vil også vere viktig at IHR søker kompetanse og styrkjer seg i marknaden via samarbeid med andre interkommunale revisjonsselskap.



Ny jobb til jul?

For dei som kjenner nokon som går og ynskjer seg ny jobb til jul, finst det moglegheiter i Voss herad. På Voss kommune sin [stillingsportal](#) vert det rett før jul lyst ut tre stillingar som blir sentrale i Voss herad. Dette er stillingane som stabssjef for Innbyggjarservice, beredskaps- og internkontrollrådgjevar og leiar for digitalisering og IT. Dette er stillingar som blir viktige når me skal forma framtidens kommunar, så her må alle hjelpa oss å dela stillingane med alle som kan vera interessert.

Voss herad ynskjer alle ei riktig god jul!